

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 21. JUNI 2019 KL. 09.30-13.45, ETNE OMSORGSSENTER****Desse møtte:**

Morten Storebø	Austevoll kommune
Odd Harald Hovland	Bømlo kommune
Siri Klokkestuen	Etne kommune
Hilde Aa. Haraldseide	Etne kommune
Wenche Tislevoll	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Gaute Epland	Stord kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Observatører:

Mai Britt Vihovde	Haugesund kommune
-------------------	-------------------

Administrasjonen:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Forfall:

Bjarte Madsen, Austevoll kommune - Geir Aga, Bømlo kommune – Olaug Haugen, Fitjar kommune – Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune – Magnus Mjør, Stord kommune – Jorunn Skåden, Sveio kommune.

Då var føre:

Sak 27/19	Godkjenning av referat frå møte 10. mai 2019
Sak 28/19	Strandrydding
Sak 29/19	Handsaming av saker i Samarbeidsrådet
Sak 30/19	Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet
Sak 31/19	Utviding av Samarbeidsrådet
Sak 32/19	Skriv og meldingar
	a) Styrking av det regionale næringsfondet
	b) Orientering frå møte med Atheno og Stord Næringsråd - samlokalisering
	c) Oppfølging frå møte i Kommunal og Moderniseringsdepartementet vedrørende Strandsone
	d) Avvikling av koparnettet til Telenor
	e) Arbeid mot Merket for bærekraftig reisemål
	f) Miljøsertifisering av kommunane
	g) Konstituert sorenskrivar i Sunnhordland tingrett
Sak 33/19	Ymse
	a) Endring av møtedato

Sunnhordland, 25. juni 2019

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND
FREDAG 21. JUNI 2019 KL. 09.30-13.45, MCE OG ETNE OMSORGSSENTER**

Før handsaming av sakene fekk Samarbeidsrådet orientering og omvising av MCE AS v/ Eldar Tranøy.

I tillegg fekk ein orientering om SMV AS v/ Lars Hovda.

Etter møte fekk rådet ei orientering og omvising på det nye omsorgssenteret i Etne.

Sak 27/19 Godkjenning av referat frå møte 10. mai 2019

Samrøystes vedtak.

Sak 28/19 Strandrydding

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet går inn for etablering av eit felles strandryddeprosjekt
2. Prosjektplan med framlegg til organisering, kostnad og finansiering skal leggjast fram til godkjenning i møte 6.september.

På møte:

Det vart i møte drøfta at prosjektet bør omhandla meir enn strandrydding. Det vil difor vera naturleg å endra projektnamnet. Dette vil ein koma tilbake til når saka vert lagt fram til hausten.

På møte drøfta ein at arbeidet må koordinerast med friluftsråda, SIM, næringsliv, dykkarklubb, bondelag og andre.

Arbeidsutvalet vil i saman med administrasjonen sjå nærare på korleis eit slikt prosjekt bør organiserast og finansierast.

VEDTAK:

1. Samarbeidsrådet har som mål å få etablert eit felles prosjekt mot forsøpling.
2. Saka vert lagt fram for Samarbeidsrådet i løpet av hausten.

Sak 29/19 Handsaming av saker i Samarbeidsrådet

Framlegg til vedtak

I saker som tidlegare har vore til handsaming og der Samarbeidsrådet har fatta vedtak, har styreleiar og dagleg leiar fullmakt til å følgje opp rådets standpunkt i møter og brev så lenge dette ikkje strir mot rådets intensjon.

I saker som har vore til handsaming, men der det skjer endringar i saka som endrar føresetnader og intensjonen til Samarbeidsrådet, så krev dette ny handsaming i rådet.

Dersom det er trong for rask handsaming, så kan dette skje i form av fjernmøte (telefonmøte) eller skriftleg sakshandsaming (handsaming pr. e-post). Styreleiar avgjer møteforma. Slik sakshandsaming skal følgje føresegnene i forskrift om fjernmøte og sakshandsaming.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 30/19 Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet vedtek å utvide samarbeidet mellom kommunane, og å gjennomføra ei årleg samling for kommunalsjefar og eventuelt andre leiarar som rådet meiner er relevante å involvera.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 31/19 Utviding av Samarbeidsrådet

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet meiner at rådet gjennom eksisterande eller ved å utvikla nye møteplassar vil kunna dekkja behovet for samarbeid med partia som ikkje er representert i Samarbeidsrådet eller på fylkestinget.
2. Samarbeidsrådet meiner at rådet ikkje skal utvidast med andre representantar enn ordførar og rådmann i kommunane.

VEDTAK:

Samrøystes vedtak.

Sak 32/19 Skriv og meldingar

- a) Styrking av det regionale næringsfondet
- b) Orientering frå møte med Atheno og Stord Næringsråd - samlokalisering
- c) Oppfølging frå møte i Kommunal og Moderniseringsdepartementet vedrørende Strandsone
- d) Avvikling av koparnettet til Telenor
- e) Arbeid mot Merket for bærekraftig reisemål
- f) Miljøsertifisering av kommunane
- g) Konstituert sorenskrivar i Sunnhordland tingrett

På møte:

a) Styrking av det regionale næringsfondet

Administrasjonen er i dialog med Sparebanken vest om moglegheiten for å styrka etablerarfondet i regionen. Det vil verta gitt ei orientering i neste møte.

b) Orientering frå møte med Atheno og Stord Næringsråd – samlokalisering

Styreleiar Morten Storebø orienterte frå møte med Atheno og Stord Næringsråd vedr. ei eventuell samlokalisering.

Dagleg leiar orienterte om at Samarbeidsrådet sin noverande leigeavtale går ut 30. juni og at det difor var ønskjeleg med ei avklaring på om ein skal skrive ny 5 årig avtale eller gå vidare med mål om flytting av administrasjonen til Verket. Dagleg leiar orienterte også om at huseigar har ønskje om å oppgradere lokala, dersom ein vel å forlenga avtalen.

I møte vart ein samde om at Samarbeidsrådet ønskjer at administrasjonen fortsett skal leige i Borggata 57 og at det vert skrive ny 5 årig avtale med huseigar. Det er positivt at huseigar ønskjer å oppgradere lokala.

Sak 33/19

Ymse

b) Endring av møtedato

Styreleiar Morten Storebø sette fram forslag om å endra møtedato for Samarbeidsrådet frå 6 september til 30 august, grunna valet. Etter ei drøfting vart ein samde om at møtet vert utsett til fredag 13. september.